

**OED  
Postboks 8148 DEP.  
0033 OSLO**

**postmottak@oed.dep.no**

**Dykkar ref:**

**Vår ref:**

**Arkiv:**

**Sakshandsamar:FHB Dato: 27.05.2015**

## **Uttale til lovforslag om krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom nettverksemd og anna verksemd i energiverk**

Vi viser til høringsnotatet; «Forslag til endringar i energilova» av 15.04.2015. I notatet frå OED er det gjort framlegg om å krevje «selskapsmessig og funksjonelt skille» for alle nettselskap. Endringane er i hovudsak grunnjevne med behovet for å sikre at det ikkje føregår kryss-subsidiering av konkurranseutsett verksemd og å sikre at målsetjinga om redusert nettleige vert innfridd.

### **Verknaden av lovforslaget for Sunnfjord Energi:**

Lovforslaget medfører at det må etablerast ei eiga leiing og eige styre for nettselskapet i tillegg til eigne datasystem og auka administrasjon. Det vert berre unntaksvis høve til å nytte mannskap på tvers av konkurranseutsett / ikkje konkurranseutsett verksemd. Dette vil redusere fleksibiliteten og auke dei samla personalkostnadene.

Sunnfjord Energi er eit mellomstort vertikalt integrert energiselskap. Vi har om lag 15 000 nettkundar. Selskapet har bygd opp ein fleksibel organisasjonen med tanke på å oppnå stordriftsfordeler og effektiv drift ved å utnytte synergieffektar mellom ulike verksemds-område. Det er stor fokus på å gjere det rekneskapsmessige skiljet mellom nett og anna verksemd så rett som mogleg. Vi kjenner oss ikkje att i skildringa av ei verkelegheit der nettverksemda vert påført andre verksemd sine kostnader gjennom kryss-subsidiering.

Vi held fram med eit effektiviseringsprogram og vi har stor fokus på å løyse komande oppgåver med investeringar i nett og innføring av nye straummålarar for alle. Vi er opptatt av at innføring av lovforslaget vil føre til de-fokusering frå dei viktigaste oppgåvene ved at endringane i energilova blir innført samstundes med den store nasjonale AMS oppgåva. Vi løyser AMS-innføringa saman med andre energiselskap i eit stort felles prosjekt. Fellesprosjektet løyser ikkje alle oppgåvene, mykje fell framleis på dei einskilde selskapa.

Ein fleksibel organisasjon er viktig i høve til beredskap, ettersom det gir betre kapasitet i kriser, utan at den daglege drifta vert belasta meir kostnader enn naudsynt. Samarbeidet med lokale styresmakter og beredskapsorganisasjonar er tett og godt.

### **Våre kommentarar til lovforslaget:**

Lovforslaget verkar slik at løysingar som er utvikla for nettverksemd i byar og i store selskap vert gjort gjeldande for små selskap i distrikta der tilhøva er enklare å få innsikt i. Då tek ein

frå distrikta dei fordelane dei har. Når framlegget i tillegg ikkje er godt grunngeve kan vi ikkje tilrå at det vert gjennomført slik det er lagt fram. Vi råder OED til å gjere oppgåva på nytt og endre framlegget.

Sunnfjord Energi AS meiner den vertikalintegreerte løysinga gir samdrifts- og koordineringsfordelar som det er vanskeleg å kompensere for ved å skilje monopol og konkurranseutsett verksemd i mindre selskap gjennom etablering av konsern og å krevje funksjonelt skilje mellom verksemdene.

Ei utviding av kravet til å gjelde alle vil råke dei mellomstore og mindre selskapa som driv ute i distrikta der nettleiga allereie er høgast. Lovframlegget vil tvinge fram ei dyrare driftsform for desse selskapa.

I nokon grad kan ei dyrare driftsform føre til at energiselskap i distrikta vert slått saman med selskap som driv i dei store byane. Ein kan då oppnå lågare nettleige og i nokon mon stordriftseffekt. På den andre sida vil kontrollen med prioriteringa då skje i dei store byane. Straumnettet er ein viktig infrastruktur for nærings- og boligutvikling i distrikta. Ei sentralisering av styringa til dei store byane vil gjere utviklinga i distrikta vanskelegare.

OED støttar seg til analyser utført av NVE som viser at vertikalt integrerte verk har høgare kostnader enn reine nettselskap. EC Group har utført ein tilleggsanalyse på oppdrag for DEFO og KS Bedrift som konkluderer med at organisasjonsform har ingen signifikant forklaringskraft på skilnader i nettselskapa sin effektivitet (verken totaleffektivitet eller driftseffektivitet). Nettselskapa sin storleik har ein signifikant forklaringskraft på skilnader i totaleffektivitet, men ikkje driftseffektivitet. Det er dei ytre rammevilkåra som har størst forklaringskraft. Både lengda på høgspennettet, lågspennettet og tal nettstasjonar gir enkeltvis ei signifikant forklaring på variasjonane i selskapa sin totaleffektivitet .

At OED støttar seg til enkle analyser som ikkje har tilstrekkeleg forklaringskraft gjer oss bekymra. EU set ikkje set krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje for selskap med mindre enn 100.000 kundar. Det er ingen særleg norsk årsak til å avvike.


Vi saknar ein grundig analyse av kostnaden ved lovforslaget knytt opp mot nytten av å krevje selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle. Etter utgreiingsinstruksen skulle dette ha vore ein del av saksutgreiinga. I denne samanhengen burde konsekvensar for kundar og lokalsamfunn, som vert råka både gjennom endringar i kompetansearbeidsplassar og beslutningsmynde/ eigarskap, vorte synleggjort med konkrete eksempel frå ulike område i landet.

### **Andre tilhøve**

Vi syner elles til det høyringssvaret vi ga til rapporten «Et betre organisert Strømnett»

Med helsing

SUNNFJORD ENERGI AS



Fredrik H. Behrens

Adm. dir.